

Til Kulturdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Svar på høyring: Staten og Den norske kyrkja – eit tydeleg skilje

Sveio sokneråd vil med dette gi sine kommentarar til høyringa om Staten og Den norske kyrkja med følgjande synspunkt:

Generelt:

1. Me er fornøgde med hovudkonklusjonen i notatet om at stat og kommune framleis skal ha finansieringsansvar for kyrkja.
2. Me synest også lovparagrafendringane var fine.
3. Me er også takksame for at prestenesta i sokna blir lovfesta, og at soknestructuren blir vidareført.
4. Me synes likevel at vedlikehald av kyrkjebygg, samt ansvaret for freda/verna kyrkjebygg kunne vore drøfta grundigare.
5. Notatet burde ha jobba meir med kommunen sitt finansieringsansvar og heile økonomien til den lokale kyrkjelyden.

Til nokre av punkta:

9.4 Rammetilskot

1. Det er positivt at departementet går inn for at kyrkja skal stå for sine egne økonomiske prioriteringar.
2. Samstundes blir det sagt lite om kva rammetilskotet skal brukast til. Me meiner det hadde vore ein fordel med tydelegare føringar for kva område som skal prioriterast. I ei nasjonal kyrkje vil det vera mange ulike synspunkt på dette, og me kan risikera at somme område blir forfordelte på bekostning av andre. Trusopplæring og prestelønn kan vera døme på dette.
3. Slike føringar må visa tydeleg korleis kyrkja skal fordela pengane. Det må også gå tydeleg fram korleis staten sitt økonomiske ansvar blir skjøtta.

8.0 Kyrkjefinansiering og kommunalt finansieringsansvar.

1. Dette er viktig for kyrkja si økonomiske framtid. I dag kjem 2/3 av midlane frå kommunen. Kva som skal finansierast gjennom kommunen, og korleis det eventuelt skal overtakast av andre er difor eit viktig spørsmål.
2. Når det blir føreslått at kommunen held fram med det same finansieringsansvaret har ein gjort eit val for 2/3 av løyvingane til kyrkja. I høyringsnotatet finn me lite om korleis dette skal gjerast i framtida. Det blir berre vist til prgrf 15 i kyrkjelva og at den blir som den står. Me oppfattar dette som at høyringa har tatt det for gitt at dette er ei god ordning. Men me meiner at at den har nokre manglar og at den kommunale finansieringa burde vore drøfta meir i høyringsnotatet.
Lova regulerer berre kva oppgåver som skal finansierast utan å ta med innhaldet i oppgåvene, korkje når det gjeld kvalitet eller mengd.

Hjå oss opplever me at kyrkja er den første posten det blir kutta i, og den siste posten det blir løyvt meir pengar til på på det kommunale budsjettet.

Me opplever at fellelsråd og kommune er usamde om kva kommunen er forplikta til etter kyrkjelova prgrf 15.

Me etterlyser difor ei tydeleg forskrift der det går fram kva minimumsytning kommunen er forplikta til, og kva kyrkjelyd og fellelsråd kan venta seg.

Eigenkapital

Den norske kyrkja vil ha ei årleg overføring på 1,8 milliardar kroner. Ein eigenkapital på 12 – 30 millionar (nåverande eigenkapital + Norske Kyrkjeland Fond) vil ikkje vera mykje i denne samanhengen.

Opplysningsvesenets Fond har ein eigenkapital på ca. 7 milliardar, men dette er for det meste bunden kapital som ikkje vil gi avkastning før det blir selt. Me meiner difor at kyrkja har ein svak eigenkapital.

Skal Den norske kyrkja stå stødig på egne bein må ho ha ein solid eigenkapital når banda til staten blir løyste. Igjen saknar me drøfting av økonomien til dei lokale kyrkjelydane. Høyringsnotatet seier ingenting om eigenkapital rundt om i landets mange kyrkjelydar. Her ligg mykje av den negative eigenkapitalen til kyrkja, slik som etterslep på oppussing av kyrkjebygg.

Rapporten arbeider mykje med tilhøvet mellom eit framtidig Nasjonalkyrkjeleg rettssubjekt og Staten, men tar lite føre seg tilhøvet mellom kommunen og kyrkjelyden når det gjeld økonomi. Eigenkapitalen til dei lokale kyrkjelydane er der heller ikkje sagt noko om.

Dette er punkt me i Sveio sokneråd synes det burde vore arbeidd meir med i eit notat som skal vera retningsgjevande i ei så viktig sak som eit tydeleg skilje mellom stat og kyrkje.